

# KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

*Årsrapport 2023*



Speljournalist Øystein Loftheim Furevik i [gamer.no](http://gamer.no) fekk Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar i 2023. Juryen fekk inn 196 nominasjonar, fordelt på 54 ulike kandidatar. Av desse valde juryen å gå for Furevik, som sidan 2002 har skriva meir enn 1900 spelmeldingar på nynorsk for spelnettstaden [gamer.no](http://gamer.no).

– I over 20 år har Furevik standhaftig drive journalistisk nybrottsarbeid på eit område der det er lite norsk og minimalt med nynorsk. Det at Furevik er godt synleg i det viktigaste norskspråklege organet for ein stor og viktig kulturarena, er umåteleg verdifullt for nynorsken, heiter det i grunngjevinga frå juryen.

Prisen vart delt ut under Dei nynorske festspela i Aasantunet i Ørsta fredag 9. juni 2023.

Førde, 12.10.2023

Rune Fossum Lillesvangstu,  
sekretær for juryen

Prisvinnaren:

## - Alt gjer seg betre på nynorsk

Prisvinnar Øystein Furevik gir lesarane sine nynorsk i ei verd prega av engelsk. For han er nemleg alt betre på nynorsk.



*UTDELINGA: Øystein Furevik (i midten) i samtale med juryleiar Solveig Barstad og Tor-Steinar Tangedal under prisutdelinga på Aasentunet. Foto: Rune Fossum Lillesvangstu, NRK*

– For meg er nynorsk finare melodisk. Det er meir poetisk, og ikkje så akademisk, seier mottakaren av Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar i 2023.

Øystein Furevik jobbar til dagleg som assistent ved Førde ungdomsskule. Etter at han starta som journalist i gamer.no i 2002 har han skrive over 1900 artiklar og spelmeldingar for nettstaden. Alle på nynorsk. Av dei kring 30 personane som skriv for redaksjonen, er dei to som skriv nynorsk.

Heideren står i kontrast til ein del av reaksjonane Furevik møtte då han som 20-åring starta som speljournalist. For nokre år sidan var det sidelange debattar i nettforum om nynorskbruken hans. Og nyleg var det sure kommentarar om språkbruken.

– **Eg var ikkje budd på hetsen, men eg kan ikkje bry meg. Og heldigvis har det endra seg, og det er mange som set pris på nynorsken. I dagens kommentarfelt så er det andre som forsvarer meg og språket. Og vi får mykje skryt, seier Furevik.**

I takketalen rosa han mellom anna den tidlegare redaktøren sin, Tor-Steinar Tangedal, for å ønske nynorsk på trykk.

– Eg synest det var ein frisk pust å ha meldingar på nynorsk. Det passa inn i målsettinga mi om at gamer.no skulle vere ei ny stemme i speljournalistikken. Eg meiner det gjorde nettstaden vår betre, sa Tangedal under panelsamtalen mellom han, prisvinnaren og juryleiar Solveig Barstad.

I grunngevinga for prisen trekkjer juryen fram at Furevik sine tekstar er grundige, lettlesne og fulle av humor. Og dei er alle skrivne på nynorsk, trass i at spelverda er internasjonal og stort sett engelskspråkleg.

– I over 20 år har Furevik standhaftig drive journalistisk nybrottsarbeid på eit område der det er lite norsk og minimalt med nynorsk. Det at Furevik er godt synleg i det viktigaste norskspråklege organet for ein stor og viktig kulturarena, er umåteleg verdifullt for nynorsken, skriv juryen.

– Globalt har spelindustrien ei enorm omsetjing. Han har for lengst vakse seg ut av guteromma og appellerer no til alle kjønn og aldrar. Likevel er den offentlege merksemda liten, og det er magert med grundig journalistikk på feltet. Gamer.no er ei sjeldan svale i norsk samanheng, heiter det vidare i grunngevinga.

## Fann att skrivegleda

Som ungdom var Furevik glad i å skrive, men interessa dabba veldig på vidaregåande. Det var først då han fekk lov til å skrive om det han verkeleg brenn for og engasjerer seg i, nemleg spel, at gleda dukka opp att. Det trur han er nøkkelen for andre som slit med motivasjon til å skrive.

– *Ser du på deg sjølv som eit førebilete for andre?*

– **Nei, men kan eg vere det så er det heilt nydeleg. Det er topp om andre kan få trua på at dei kan levere innhald på nynorsk ved å sjå at eg gjer det i spelverda.**

Føremålet med Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er å fremje bruk av nynorsk i media og årleg ære ein dyktig journalist som brukar språket, og som er eit føredøme for andre. Prisen er på 75.000 kroner og eit kunstverk.

## Prisvinnaren

Øystein Loftheim Furevik (f. 1982) er fødd og oppvaksen i Førde i Sunnfjord. Han har sidan 2007 jobba som assistent ved Førde ungdomsskule. I 2002 byrja han å jobbe som speljournalist for gamer.no, og der er han framleis journalist. Furevik har skrive over 1900 spelmeldingar og artiklar for nettavisa.



## Om gamer.no

Gamer.no er ei redaktørstyrt nettavis som dekkjer spelbransjen. Nettstaden vart starta opp i 2001 og har no over 20.000 daglege lesarar. Gamer.no er i dag eigd av Good Game AS og medlem av Fagpressen. Ansvarleg redaktør er Harald Strømme.



# Heile grunngjevinga frå juryen

Spelverda er internasjonal og i all hovudsak engelskspråkleg.

Gjennom [gamer.no](https://www.gamer.no) har me ein redaktørstyrt nyhendenettstad for spel som publiserer på norsk. Årets vinnar av Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar er ein fast bidragsytar til denne nettstaden.



JURYEN: Øystein A. Vangsnes, Solveig Barstad og Jens Kihl. Foto: Rune Fossum Lillesvangstu, NRK.

Øystein Furevik (f. 1982) er frå garden Furevika i Førdefjorden. Herifrå har han sidan 2002 skrive vel 1900 meldingar og innsiktsfulle artiklar til [gamer.no](https://www.gamer.no). Tekstane er grundige, lettlesne og fulle av humor. Og dei er alle skrivne på nynorsk.

Det siste er langt frå sjølvsgagt. Furevik fortel i eit intervju med NRK i 2015 at han vart møtt med veldig mange negative kommentarar på språkvalet sitt då han starta opp som spelmeldar. Spor frå ymse diskusjonsforum vitnar om denne motbøra. Ein språkpolitisk medviten redaksjon som støtta Furevik, vart avgjerande for at han ikkje valde å gå over til bokmål, og kritikken og motstanden har etter kvart stilna.

Globalt har spelindustrien ei enorm omsetjing. Han har for lengst vakse seg ut av guteromma og appellerer no til alle kjønn og aldrar. Likevel er den offentlege merksemda liten, og det er magert med grundig journalistikk på feltet. [Gamer.no](https://www.gamer.no) er ei sjeldan svale i norsk samanheng, og i over 20 år har Furevik no standhaftig drive journalistisk nybrottsarbeid på eit område der det er lite norsk og minimalt med nynorsk. Det at Furevik er godt synleg i det viktigaste norskspråklege organet for ein stor og viktig kulturarena, er umåteleg verdifullt for nynorsken.

Det er ei sann glede for juryen å gje Kultur- og likestillingsdepartementets nynorskpris for journalistar 2023 til Øystein Furevik.

# Takk frå prisvinnar Øystein Furevik

Eg visste ikkje heilt kva eg skulle tru då Solveig Barstad stod på trappa mi i vår. Den første tanken min var «kven er du og kvar har eg deg frå?»

Ho sa noko om Kulturdepartementet, og så tenkte eg kva i alle dagar har eg gjort for å få dei på nakken.

Eg vart ganske overvelda.

Eg har halde på med det her i 21 år, fordi eg elsker spel. Eg har den same entusiasmen no som første gong eg plukka opp det vesle LCD-spelet som låg hos besteforeldra mine. Sidan første gong eg såg Saxon og Larry på svart skjerm med grøn skrift, og sidan eg sendte lange, lengtande blikk etter Nintendo- og Sega-spela i leikebutikken.

Lite har endra seg, bortsett frå enklare tilgang til spel. Spel er rett og slett for spanande. Dei er alt frå beinharde konkurransar til vakre, gripande forteljingar. I løpet av dei siste åra har eg vore kunstnar på 1500-talet, ein av forfedrane våre i jungelen i Afrika, eg har bygd store sivilisasjonar og fått hjelp til å bli betre på gitar. I tillegg til å køyre om kapp med dottera mi i Mario Kart.

Spel er etter mitt syn den ultimate underhaldningsforma. Den kombinerer lyd, bilete, forteljarteknikk og interaktivitet på ein måte vi ikkje kan få andre stadar. Spel kan ta deg med på umoglege, bisarre og fantastiske opplevingar. Og det er inga grense for kva talentfulle utviklarar kan få til.

Eg har hatt glede og æra av å få oppleve utruleg mykje i desse åra. Eg har reist på turar til inn- og utland, der eg har møtt og intervjuet fleire av legendene i bransjen.

Eg kjem aldri til å gløyme våren 2005 då eg første gong gjekk ut av LAX flyplassen og pusta inn Los Angeles-lufta. Spent og klar for spelmessa E3.

At eg skriv på nynorsk har kanskje ikkje overraskande møtt motstand. Eg skal innrømme at det kan vere demotiverande når kommentarfeltet sporar av og nokon for ente gong ser det nødvendig å poengtere at ingen *snakkar* nynorsk. I staden for å diskutere det spelet eg trass alt har brukt tid på å spele og skrive om.

Negativ respons har hatt omvendt effekt på meg enn eg vil tru mange av kritikarane prøver å oppnå. For meg provoserer det fram eit motangrep, eg får blod på tann og tenker okay, du skal få endå ein artikkel å irritere deg over. Men eg har òg fått veldig mange positive tilbakemeldingar opp igjennom åra. Spesielt var responsen då det vart kjent at eg vann nynorskprisen overveldande og rørende.

Å skrive på nynorsk er ikkje noko eg tek for gitt, og eg veit det er mange som ikkje er like heldige. Å få gjere det tillet meg å skrive med ein entusiasme det hadde vore vanskeleg å oppnå elles. Eg håpar at å lese om spel på nynorsk kan få folk til å tenke at nynorsk faktisk er heilt allright. At dei som brukar nynorsk syns det er befriande å få lese noko på språket sitt, på noko anna enn bokmål. Og at våre unge og lovande kan

tenke at ja, det er faktisk mogleg å bruke nynorsk til ikkje berre noko fornuftig, men òg til noko veldig, veldig moro.

Før eg gir meg har eg nokon eg må takke. Først må eg takke juryen, dette er heilt enormt og uverkeleg, det har framleis ikkje heilt sunke inn. Å jobbe med noko så spanande som dette, på nynorsk, med dei reaksjonane, både positive og negative som det fører med seg å motta ein pris, er noko eg har vanskeleg for å setje ord på. Det er ei stor validering av arbeidet mitt. Men i ei verd der mange framleis ser på spel som barnleg tull, er det òg ei anerkjenning av det alle vi som skriv om spel driv med.

Eg må takke alle noverande og tidlegare kollegaer opp igjennom åra som har gjort meg til ein betre skribent. Og sjølvsagt Tor Steinar som var den som for 21 år sidan tok sjansen på meg og nynorsken min. Hadde han sagt nei hadde vi ikkje vore her i dag.

Og til slutt må eg takke den viktigaste av alle, Katrine, kona mi som støttar meg og oppmuntrar meg i alt eg måtte finne på og som fullt ut forstår at av og til så må mannen faktisk spele spel. Tusen takk!

## Arbeidet med nynorskprisen 2023

Juryen har hatt tre møte i samband med kåringa av ein vinnar av Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar 2023. Oppstartsmøtet var 20. januar på Teams. Seinare var det eit nytt Teams-møte rett etter fristen for å nominere kandidatar. Til sist vart juryen samd om ein vinnar på eit fysisk møte i Førde 28. april.

Prisen vart delt under Dei nynorske festspela i Ørsta fredag 9. juni 2023.

## Juryen skal sitje til 2025

**I juryen for Kultur- og likestillingsdepartementet sin nynorskpris for journalistar sit Solveig Barstad, Øystein A. Vangsnes og Jens Kihl. Departementet har gjeve dei denne oppgåva frå 1. juli 2021 til 1. juli 2025. Solveig Barstad er leiar for juryen.**

**NRK Nynorsk mediesenter er sekretariat for juryen. Prisen var departementet si «gåve» til mediesenteret, i samband med opninga av NRK Nynorsk mediesenter i 2004. Nynorskprisen for journalistar har vore delt ut kvart år sidan 2006.**